



Fylkesstyret:

Arne Magnus Aasen	leiar	6670 Øydegard	71 53 32 91	48043584	arne.magnus.aasen@lfr.no
Inge Martin Karlsvik	nestleiar	6490 Eide		95264979	inge.karlsvik@adsl.no
Anne Katrine Jensen	styremedlem	6638 Osmarka	71 29 03 80	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Birgit Oline Kjerstad	styremedlem	6293 Longva	70 21 76 48	48111549	birgitkj@online.no
Per Kristian Gjerde	styremedlem	6200 Stranda	70 26 24 06	95043532	pk_trio@yahoo.no
Hans Frafjord	1. vara	6390 Vestnes	71 18 20 85	41518991	hfraf@broadpark.no
Solveig Linge Stakkestad	Leiar	Bygdekvinnelaget Valldal	70 25 75 97	95856643	solveig@linge.bz
Kari Haugen, Nygata 10, 6002 Ålesund (Leiar Bygdeungdomslaget)			Forfall	97171623	haugenkari@live.no

Til orientering:

Audun Skjervøy	2. vara	6210 Valldal	70 25 94 99	99579175	audun@storstova.no
Gunnar Børset,	3. vara	6620 Ålvundeid	71 69 77 12	90976688	gunnar72@start.no
Sekretariatet:					
Gunnar K. Wentzel,	org sjef - møtt		71 20 28 92a	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlie,	org.kons - ikkje styret, dels valkomiteen og møtet mån		71 20 28 93a	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen			71 20 28 94a		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad			71 20 28 90a	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag måndag 8. februar 2010 kl. 11.00 til tysdag 9. februar kl 16.00 på Scandic Hotel i Ålesund Fellesmøte med styra i Hordaland og Sogn og Fjordane Bondelag frå måndag lunsj 13.00 t.o.m. tysdag lunsj 13.00

Valkomiteen møtte same stad måndag frå kl 11.00 og intervjuar styremedlemer som er kandidatar. Valnemnda er: Trond Malmedal, Fræna (leiar), Ivar Aae, Averøy (nestleiar), Ola Steinsvik, Volda, Jorunn Solnør dal Myren, Ørskog og 1.vara Leif Inge Grebstad, Sykkylven.

Fellesmøte med styra i Hordaland og Sogn og Fjordane Bondelag gikk måndag gjennom felles punkt til uttale framfor jordbruksforhandlingane på bakgrunn av framlegg. Tysdag innleia prosjektleiar på arbeidet med ny stortingsmelding Ole Nikolai Skulberg i Norges Bondelag før gjennomgang av spørsmål Norges Bondelag har sett opp. Fylkeslaga sender innspel kvar for seg. Arne Magnus Aasen leia møtedagane.

1/2010 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtet sett måndag kl 11.15 – 13.15 og tysdag kl 14.15 – 16.45.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend.

Tilleggs sak om tilpassing av forholdet mellom investeringstilskot og rentestøtte frå 2 mill til 1 mill kr sidan kostnadsrammene for omsøkte prosjekt er lågare på innkomne søknader.

2/2010 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 2. desember 2009

Vedtak: Protokoll frå styremøtet 2. desember 2009 godkjend.

SAK 3/2010 Uttale framfor jordbruksforhandlingane 2010

Vedlegg: Framlegg felles for Vestlandet.

Vedlegg: Fylkeslaget har innan fristen 15.1. uttalt seg til Møre og Romsdal fylke med innspel framfor jordbruksforhandlingane basert på styrets førebelse uttale som også er sendt lokallaga for evt merknader.

Vedlegg: MR fylke saksframlegg til Nærings- og miljøutvalet om jordbruksforhandlingane.

Vedlegg utdelt møtet: Vedtak i Nærings- og miljøutvalet 2. feb om jordbruksforhandlingane.

Vedtak: Styret vil endeleg handsame uttale på bakgrunn av felles moment for Vestlands-landbruket 4.3.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 907 29 582	E-postadresse More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto: 3980.07.11308	Internet:	
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05.91392		www.bondelaget.no/moreogromsdal

SAK 4/2010 Innspel til ny stortingsmelding om landbrukspolitikken

Vedlegg: Framlegg der dei 4 første sidene er felles for Vestlandet og vil bli basert på fellesmøtet.

Styret gikk gjennom framlegget punkt for punkt. Frist til NB 10. Februar.

Vedtak: Styret sluttar seg til framlegget til innspel til ny stortingsmelding om landbrukspolitikken med dei endringar som kom fram.

SAK 5/2010 Program årsmøtet i M&R Bondelag Hotell Alexandra, Molde 12.-13. mars 2010

Landbruk Nordvest planlegg nokre kurs etter Landbrukskonferansen. Dei er også aktuell samarbeids-partnar saman med Landbruksavdelinga.

Det kan vere aktuelt å handsame uttale om ny stortingsmelding om landbrukspolitikk.

Vedtak: Sekretariatet arbeider vidare med programmet ut frå dei signala som kom fram.

Vi legg ikkje opp til stands i år, men heller info-plakatar og materiell om årsmøtetema frå arrangørane.

SAK 6/2010: Saker til årsmøte og representantskapet i Norges Bondelag

Vedtak: Styret har ikkje framlegg til saker.

SAK 7/2010: Val til årsmøtet i Norges Bondelag

Fylkeslaga sin frist for å kome med innspel til valnemnda i Norges Bondelag er 23. februar 2010.

Vedtak: Styret vil overfor valnemnda peike på Arne Magnus Aasen som kandidat til styreverv i Norges Bondelag.

SAK 8/2010 Løysing av landbruksoppgåver i samarbeid M&R Bondelag og M&R fylke

I brev av 5. Januar frå M&R Bondelag til Møre og Romsdal fylke ber vi om finansiering av tiltak ut frå dei arbeidsoppgåver som departementet har bede fylkeskommunane om å ta på seg, og sett ei ramme på kr 400.000. Vi foreslår å løyse oppgåver i lag med partnerar under føresetnad av finansiering. Dei fleste tiltaka er slike som vi likevel ser behov for blir utført. Fylket har fått tildelt oppgåver innan m.a. rekruttering, likestilling og kompetanseheving med ei løyving på kr 1.480.000,- frå Landbruks- og matdepartementet frå juni 2010.

Vedtak: Styret sluttar seg til skisse til arbeidsopplegg saman med fylket. Styret ser positivt på å finne fram til ein eller to unge bønder i kvar kommune som kan vere førebilete i informasjonsmateriell.

SAK 9/2010: Informasjonsaksjonsplan Møre og Romsdal Bondelag 2010-11

Norges Bondelag har i brev til lokallaga 21. jan trekt opp strategiar og arbeidsoppgåver framfor jordbruksforhandlingane. Liksom i fjor set vi opp ein enkel informasjonsplan:

Styret meiner det kunne vore sett opp budsjett slik at styret kunne prioritere mellom tiltaka.

1 Politikarmøte. Stortingsrepresentantane, prioritet dei 4 medlemene i Næringskomiteen.

Else-May Botten, Ap, på Leiarmøtet og EU-konferanse i 2009 samt ”skuletime” på LO-kontoret.

Tove-Lise Torve, Ap

Rigmor Andersen Eide, KrF ”skuletimar” Bondelagskontoret 28.1.

Elisabeth Røbek Nørve, H på vår EU-konferanse aug 2009,

Harald Tom Nesvik, FrP

+ **2 Møre og Romsdal fylke** - Uttale til og møte om jordbruksavtala og landbrukspolitikk.

3 Møre og Romsdal fylke – Samarbeid rekruttering, likestilling og kompetanse og bruk av midlar.

Fylkesutvalet / Fylkestinget

(+) **4 Fagforbund** – Felles tiltak med LO, Fellesforbundet, NNN. Møtt Fellesforbundet 10.2.

5 Landbruks- og matdep. høyringsmøte ny stortingsmelding – delta Bergen 5. Mars minst ein.

6 Lokallaga – Bistå opplegg og materiell kontakt kommunen.

+ **7 Vestlandsfylka** 8.-9. Februar i Ålesund – Møte mellom fylkesstyra med felles utspel.

8 Landbrukssamvirket 4. Mars – samarbeid uttale jordbruksavtala utvida styremøte.

9 Årsmøtekonferanse i Møre og Romsdal Bondelag 12. Mars i Molde.

Tema: Stortingsmelding. Rekruttering.

10 Informasjonsaksjonsdag 14. April. Kjærleik til norsk mat. Bonde i butikk. Mat-Qiuz. Bondens kassalapp – kva ein får på kjøpet. Styret og sekr ansvar byane: Høgskolene. Evt flyplassene og kjøpesentra. Ansvarleg:

11 A Felleskjøp-Uka 14. – 16. April Infostand overfor bøndene. Påmelding kr 4.-7.000 m/ annonse.

11 B Møte Felleskjøp-Uka 14. El. 15. April : Muleg samarbeid om kort felles møte.

13 Den norske matfestivalen i Ålesund 25.-28. Aug Stand med info-materiell. Blir Årets Måltid.

14 Dyregoddagane Batnfjorden Fredag 3. Sept: Fagkonferanse/seminar. Tema: Samvirke? Innendørs i kulturstua på samfunnshuset. Tema: Samvirke? Innleiarar: Fredmund Sandvik? Berg/Jakobsen?

Arrangørar: Gjemnes og Møre og Romsdal Bondelag. Opning 3.9. kl 14.00 truleg. Ansvar: Anne Turid.

15 EU-konferanse 24.-25. oktober? Om Regionenes Europa – Regionalpolitikk = landbrukspolitikk.

Temaforslag frå BKL: GMO?

Arr.: Nei til EU og Bondelaget og fylkeskommunen i Møre og Romsdal. Ansvarleg: Gunnar

16 Leiarmøte i Møre og Romsdal Bondelag 2010 12.-13. Nov på Alexandra i Molde.

Invitere heile styret i lokallaga som i 2009. Fredag kurs. Laurdag Leiarmøtesaker

Ansvarleg: Arild og Atle

17 Materiell. Brosjyrar revidert. Fylket. Kommunebrosjyre med rekruttering.

Ti krav landbruket i Møre og Romsdal. Materiell frå Norges Bondelag.

18 Lokale politikarar på gardsbesøk med media – gjerne der politikarane er frå.

Bondelagsleiarar stille opp på spørjetime i kommunestyret.

Vedtak: Styret sluttar seg til Informasjonsplanen for tiltak med dei merknader som kom fram. Vurdere spesielt gjennom lokallaga i kommunar med Arbeidarparti-leiing.

SAK 10/2010: Val av 2 utsendingar til årsmøtet i M&R Bygdeungdomslag

Bondelaget har 2 utsendingar på årsmøtet laurdag 20. februar 2010 på Batnfjordsøra i Gjemnes.

Vedtak: Styrerepresentanten Anne Katrine Jensen med vara som vara.

SAK 11/2010: Val av 2 utsendingar til årsmøtet i M&R Bygdekvinnelag

Bondelaget kan stille med 2 representantar på årsmøtet, som vert halde på Rica Parken Hotell i Ålesund laurdag 10. og søndag 11. april

Vedtak: Styrerepresentanten Birgit Kjerstad med vara som vara.

SAK 12/2010 Søknad om finansiering – framhald av geitemjølksprosjektet "GEIT I VEKST"

Vedlegg: Søknad og prosjekttomtale. Søknad om å forlenge prosjektet eit år til ut over 3 års-perioden. Prosjektet er eit samarbeid mellom faglaga i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Vedtak: Styret vil løyve kr 10.000 til framhald av geitemjølksprosjektet Geit i vekst eit nytt år dersom Møre og Romsdal Sau- og Geitalslag gjer det same.

SAK 13/2010 Framlegg kandidatar styret Landkreditt sentralt

Vedtak: Styret vil overfor valnemnda i Landkreditt peike på tidlegare stortingsrepresentant og tidlegare statssekretær i LMD, **Leif Helge Kongshaug**, som aktuell kandidat til dei verv valnemnda måtte ønskje.

SAK 14/2010 Endring grense for tilskot BU-midlar

Vedtak: Styret går inn for forslaget om å endre grensa mellom investeringstilskot og rentestøtte frå 2 mill til 1 mill kr. Sidan kostnadsrammene for omsøkte prosjekt er lågare på innkomne søknader vil dette gi best balanse mellom tilskot og lån.

SAK 15/2010 Referatsaker

1 Medlemsutviklinga første netto vekst på mange år! Medlemsverving

Vedlegg: Medlemstal lokallaga pr. 31. desember 2009.

Medlemstal 01/01-09: 3.430 Medlemstal pr. 31/12-09: 3.431 = +1 !

Nyinnmelde i 2009: 171 Utmelde: 170 (av disse 30 stopp ubetalt og 14 døde)

Hans Jakob Hatlestad i Sykkylven har verva 26 nye medlemmer sidan november.

2 Nytt frå lokallaga

- **Kvernes Bondelag** er oppløyst i ekstraordinært årsmøte 25.1. og medlemene går inn i Averøy BL.

- **Brev frå Ørskog Bondelag:**

”Ørskog Bondelag bestemte i styremøte 21. Januar 2010 at vi vil gi kr. 2000,- til dei som har blitt ramma av jordskjelvet på Haiti. Vi håper at fleire bondelag kan gjere det same. Mvh Jorunn Solnørdal Myrren – leiar.”

- **Fræna Bondelag markerte matpakkedagen**

Også i år markerte Fræna Bondelag matpakkedagen da de fredag 5. februar stilte opp på Haukås skole i Elnesvågen med matpakker til skoleelevene. Det ble en stor suksess for bøndene Randi Varhol og Anne Berit Myrbostad, som delte ut matpakker. De fikk en god velkomst fra glade barn som likte å få besøk av bønder med matpakker. I tillegg til matpakker fikk skoleelevene også litt kunnskapsformidling fra bøndene om at det går med 10 liter melk til hver kilo ost, og at bøndene i Fræna årlig produserer kjøtt til mer enn 19.000 mennesker, og produserer forbruket av ost og melk til over 57.000 personer.

3. Aktuelle saker – politiske arbeid – orienteringar

3.1 Mjølkekvote kan i nytt kvoteår levere kvoten gange forholdstal 1,01 pluss 3% utan overproduksjonsavg. Dei med kvote 400.000 eller 750.000 liter får dette taket, pluss 3% utan overproduksjonsavgift.

3.2 Økonomisk situasjon for medlemene: Felleskjøpet rapporterer om nokre nye medlemmer med betalingsproblem på driftsmidlar som kraftfor og gjødsel. Ved leasing er oppgjer ikkje deira problem på maskinar. Det er stadig nye som planlegg nybygg eller påbygg.

3.3 Evaluering av det norske måltid. Rapport fra fylket ved vår repr Solveig Linge Stakkestad til NB

1. Produkta som var med var av svært høg kvalitet

Vi fekk godt fram det store mangfaldet av lokale råvarer og produkt i Møre og Romsdal. Dette var det god pressedekning på. Stort publikumsantal som såg på gjennomføringa av konkurransen.

2. Gjennomføringa var godt tilrettelagt og var god.

Den Norske Matfestivalen i Ålesund var ein svært attraktiv arena. Frå arrangøren si side var det planlagt tidleg at Det Norske Måltid skulle gjennomføre arrangementet her. Det norske Måltid fekk difor tidleg brei omtale gjennom Matfestivalen si avis. Juryen fungerte svært godt. Det var markerte personar på kvar sine felt som utgjorde juryen. Smaksprøver som var lagt ut på borda rundt som publikum kunne få smake. Det vekte interesse når publikum kunne få smake på det same som juryen. Matfestivalen er den beste arenaen å gjennomføre dette på i Møre og Romsdal.

3. Ja det var lett å finne person til å stille frå Bondelaget. Same person er villig til å stille også til årets gjennomføring. Underteikna var medlem frå Bondelaget. Når det gjeld godtgjersle for arbeidet, så vart det dekkja av den potten vi fekk til gjennomføring av arbeidet. Eg meinte at det var rett at vi skulle bruke opp dei midlane vi fekk, og det var komiteen enig i. Eg belasta såleis ikkje bondelaget økonomisk.

Fordeling av oppgåvene var greitt, og alle gjorde ein dugnad med oppgåvene. Spesielt jobba vi med å kontakte bedrifter for å få fleire til å melde seg på.

Samarbeidet med kokkelauget fungerte godt. Det vart litt vanskeleg med lanseringa 16.juni, for leiaren hadde arbeid i Nord-sjøen 14 dagars turnus. Av den grunn kom vi litt seint i gang også her i fylket. Arbeidet i komiteen bør starte tidlegare dette året. Spesielt med tanke på at informasjon omkring dette kan auke påmeldinga og interessa.

4. Greitt at nokon i komiteen har høve til å sende ut pressemeldingar og at komiteen har god kontakt med media. Viktig at staden for gjennomføringa vert lansert tidleg. Landsdekkande lansering bør vere tidlegare, kanskje i mai. Det var god pressedekning frå sentralt, heilt topp! Fint at all informasjon vart sendt til heile komiteen.

5. Påmelding av produsentar kunne vore betre. Det var mindre enn i 2008. Dette tilseier at vi må starte tidlegare. Både i fylket og kanskje også sentralt.

6 Samling av fylkeskomiteane på landsplan når komiteane er oppnemnt og før arbeidet startar i sitt eige fylke? Det kan bli god informasjon og ekstra inspirasjon for jobbe ute i fylka! Konkurransen er eit tiltak som absolutt bør vidareførast. Arbeidet med å løfte fram og gjennom konkurranse vidareutvikle gode råvarer og nyskapande produkt er viktig.

3.4 Info om utviklinga i tidlegpensjonsordninga – oppsummering til media på førespurnad

Det har vært en liten nedgang i antall brukere som tar ut tidligpensjon, både i fylket og på landsplan. Nå er det 93 bønder på tidligpensjon i fylket. Dette er litt overraskende siden en fra og med 2008 kan tjene ubegrenset lønnsinntekt ved siden av pensjonen. Bondelaget har registrert heller økt interesse rundt ordninga, og ønsket at pensjonen var større. Tidligpensjonsordninga er likevel en viktig sosial ordning for de mange fysisk slitne bøndene. Den skal også gjøre det lettere å rekruttere ny brukar på garden.

Gjennomsnittsalder på aktive brukere i fylket er akkurat 50 år.

Det er 3.050 gardsbruk i drift, men en god del av disse, minst halvparten, vil neppe ha slik næringsinntekt at de har rett til tidligpensjon fordi de har annen hovedinntekt og annen pensjonsrettigheter.

Så om vi deler 1.500 bruk på 30 års brukertid er det mellom 50 til 100 som går av hvert år ...

3.5. Nye oppgaver for fylkeskommunen

Vedlegg pressemedling. Møre og Romsdal gjekk frå 1.1.2010 tilbake til ordninga ein hadde før 2004, med to uavhengige organ på regionalt nivå – fylkeskommunen og fylkesmannsembetet. Samstundes tredje også forvaltningsreforma i kraft. Dette inneber at fylka no eige 50% av vegane i landet, 49% av Innovasjon Norge, forvaltar forskingsressursar gjennom regionale forskingsfond og overtek oppgaver innan miljø og landbruk frå fylkesmennene.

Nedanfor oppsummert nye oppgaver fylkeskommunane har fått på landbruksområdet, og kva avdeling i Møre og Romsdal fylke som har fått det faglege ansvaret for oppgåvene:

- Ansvar for verdiskapingsprogramma på landbruksområdet: Regional- og næringsavdelinga
- Ansvar for innspel til jordbruksoppgeret: Regional- og næringsavdelinga
- Ansvar for verkemiddel til rekruttering og kompetanseheving i landbruket: Regional- og næringsavdelinga - i samarbeid med utdanningsavdelinga

3.6 Kva gjer fylkesbondelaget for å modernisere landbruksforvaltninga i fylket.

"Grunngjeve" spørsmål frå eit medlem.

3.7 Nye arealoppgåver og gardskart basert på nye foto vil gi mindre areal.

Blir trekt 4 m frå fylkesveg og frå steingard. Kva kan fylkeslaget gjere. Spørsmål frå eit medlem.

3.8 Tenking i Møre og Romsdal om posisjonar i norsk landbruk.

Eit medlem peiker på at vi bør vere merksame på å posisjonere folk til aktuelle oppgåver i næringa.

3.9 - Kan nå langt om vi set oss mål – Innspel frå eit medlem.

Etterlyser ei samhandlingsgruppe der fylket set seg mål for investeringsvilje, nye driftsmåtar, kor vi vil vere om 10 år som einskildbonde og ulike næringsgreiner. Prosjektleiing med kompetanse.

3.10 Møre og Romsdal utan økologisk grøntproduksjon. Resultat av økologisk mjølk hos Tine.

Innspel frå eit medlem.

Tine har arbeid med økologisk i 2 år utan noen lagt om. Søkt SLF om økologisk rettleiing her i fylket.

Handlingsplan økologisk vedteke utan at Oikos var invitert. Butikkane krev ordre på minst 10 ltr økomjøl, biola 5 ltr for å ta inn. Olav Nygård i Aure driv bra med økologisk frukt.

4. Saker frå Bygdekvinnelaget - samrådsmøte 12.-13. febr på Skaret.

5. Saker frå Bygdeungdomslaget - Fylkesårsmøte laurdag 20. feb 2010 på Batnfjordsøra i Gjemnes.

6. Referat skriv og meldingar

- **Landkreditt.** Det er enkelt for lokallaga å gå over med eit skjema på NB's heimeside. Felles fullmakt for heile organisasjonen. Betre rente. Laga vurderer sitt bankforhold sjølv.

- Regionale Miljøprogram – endringar for 2010

Kopi av brev frå landbruksavdelinga til kommunane i M&R om RMP og endringar for 2010 utdelt på møtet.

7. Referat frå møter og arrangement

7. des: Surnadal BL Kløverstukveld Framfor jordbruksforhandlingane 2010 : Inge Martin Karlsvik

9. des Landbrukshelsen regionmøte. Molde. Anne Katrine Jensen og Atle Frantzen.

10. des : Møte mellom AU i dei tre Vestlandsfylka, Bergen. Aasen, Karlsvik, Wentzel.

11. des.: Møte med styret i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, i Molde. Anne Katrine Jensen, Gunnar Wentzel. Tema kornpolitikken. Berre 52% norsk korn i kraftfôret. Av kraftfôrprisen er 80% råvare, 15% prod. og 5% frakt. Eit styremedlem gikk mot vårt syn på prisnedskrivning.

15. des Næringsstrategien 2010 med Landbruksavd. Aasen og Wentzel. Etableringstilskot til bønder under 35 innan 5 år etter generasjonsskifte er kostnadsramma auka til 750.000 kr. Tilskot maks 40% .

16. des: Rovdyr og beitebruksprosjektet. Oslo. Gunnar Wentzel. Møre har størst utbetalingar for tap av sau på beite, det doble av S&Fj, og det skuldast truleg god info om ordninga frå forvaltninga til dei som får avslag på rovdyrerstatning! Lammetapet i M&R auka frå 6,5 til 11% sidan 1970. Kostnad ra-

diobjeller ca kr 500 pr søye og år. Heile 30-40% av norsk areal beita av organisert beitebruk til verdi 2 mrd kr. Tilsvarar 2 mill i tillegg til 10 mill dekar dyrka. Avgjerande at kommunar har beitebruksplan og beitelaga har tiltaksplan for organisering av fellehamnar og evt beiteleige.

5. jan: Valgkomitekurs. Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal sitt valgkomitekurs på FK i Molde. Kursleiar var Erik Engebretsen. Leiar Trond Malmedal og nestleiar Ivar Aae i Bondelagets valnemnd deltok.

12.-13. Jan: Organisasjonssjefsamling Norges Bondelag, Oslo. Wentzel

28. jan : Kornkonferansen Norges Bondelag, Oslo. Deltok ikkje.

28. jan: "Skoletime" på Bondelags-kontoret med stortingsrepr. Rigmor Andersen Eide, Næringskomiteen, KrF. Gunnar Wentzel.

29. jan: Årsmøte i Samarbeidsrådet for landbruket i Midt-Norge. Stjørdal. Aasen og Wentzel.

Statssekretær Heggem presenterte arbeidet med ny stortingsmelding. Aasen avløyst av leiar i S-Trlag BL som leiar av Samarbeidsrådet.

1. febr: møte i Samarbeidsrådet med Gjensidige i Molde. Aasen og Wentzel.

2. febr: Din Tur styringsgruppemøte Verdal. Forfall.

8) Arbeids- og møteplan 2009 / 2010

Eigarskiftekurs på Sunnmøre: Det er ønske om kurs på Stranda, alternativt i Ørsta.

Ole Rødstøl er viljug til å delta på fleire litt forkorta kurs i regi av fylkesbondelaget frå mars månad.

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
19. Februar	Fylkesstyremøte (årsmeld/rekneskap)		Styret
25. feb.	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		Lokallaga
28. feb	Påmeldingsfrist fylkesårsmøtet		Lokallaga o.a.
1. mars	Kontingentforfall		Medlemene
4. Mars	Fylkesstyremøte (handsame jordbr.avtala)	Molde	m/samvirkerepr.
Mars ?	Eigarskiftekurs ?	Stranda	Rødstøl, laga, kontoret
12.-13. Mars	Årsmøte M&R Bondelag	Alexandra, Molde	Lokallaga, fylkeslaget
14. apr	Informasjonsaksjonsdag	Heile fylket	Lokallag, styre og sekr
14.-16. Apr	FK-veka stand	Molde	Styre og sekr
14./15. apr	FK-veka evt kort ope møte	Molde	Ope møte
23.-24. juni	Norges Bondelag årsmøte	Lillehammer	Utsendingar
22. aug	Open Gard	Rundt i fylket	Lokallaga
25.-28.august	Matfestivalen i Ålesund	Ålesund	Fylkeslaget
3.-5. Sept	Dyregoddagane stand	Batnfjorden	Styre og sekr
3. sept	Fagkonferanse/seminar om samvirke?	Batnfjorden	Gjemnes BL og fylkeslaget

Oversikt/invitasjonar/representasjon andre møter og arrangement:

10. febr: Møte Fellesforbundet Rose Maiken Flatmo og Cecilie Søllesvik om almengjering løn jordbruksarbeidarar. Media. Aasen og Wentzel.

11. febr: Rauma BL framfor jordbruksforhandlingane. Wentzel.

16. febr: Gjemnes BL framfor jordbruksforhandlingane. Inge Martin Karlsvik.

16. febr: Hustad BL framfor jordbruksforhandlingane. Wentzel.

18. febr: Fræna BL framfor jordbruksforhandlingane. Aasen.

18. feb: Vestnes BL Møte om jordbruksforhandlingane, Inge Martin Karlsvik.

18. feb: Todalen BL framfor jordbruksforhandlingane, Anne Katrine Jensen.

18. feb: Norsvin M&R Årsmøte Gjermundnes, Hans Frafjord.

22. feb: Eidsdal og Norddal BL framfor jordbruksforhandlingane. Arne Magnus Aasen.

27.- 28. Febr: Tyr Møre og Romsdal årsmøte Vårsøg Hotel Surnadal – Melde forfall.

5. mars: Surnadal Landbrukskonferanse, Bondelaget, Sparebanken, Anne Katrine Jensen.

6. mars: M&R 4 H årsmøte Vonheim Malmefjorden. Anne Katrine.

11. mars: NB samling rovdyrkontaktar Oslo Oddvar Tynes.

24. august: Møte med Gjensidige kl. 10-12, heile fylkeskontoret.

Møtet heva. Gunnar K Wentzel – ref